

**From:** Bent Vidar Kårstad <bent.vidar.karstad@sunnfjordenergi.no>  
**Sent:** mandag 3. juni 2019 10.14  
**To:** NVE  
**Subject:** Sak 201503239-Dam Jølstervatn- Søknad om mellombels avvik frå manøvreringsreglement, att Ingrid Haug

Bakgrunn:

OED gav den 31.01.18 Sunnfjord Energi løyve til å bygge om dammen ved utløpet av Jølstravatnet frå nåledam til lukedam. I endra reguleringsreglement, fastsett av OED 22.01.2018 står det under punkt 2: *Lukene skal være åpne i tiden 15. april til 1. oktober hvert år.*

Arbeidet i elva er no slutført, og ein held no på med riving av fangdam. Inneværande veke vil gå med til å legge kablar og røyr mellom dam og lukehus, samt montering av skap i lukehus. Det vil verte testkøyring av anlegget i veke 24-26, vi vil då måtte køyre lukene opp og ned for å teste funksjonaliteten. Dette er såleis eit avvik frå reguleringsreglementet som seier at lukene skal ligge nede i sommarsesongen, frå 15 april jf. manøvreringsreglement punkt 2.

Vi søker med dette om mellombels avvik frå manøvreringsreglement for å gjennomføre nødvendig testing av funksjonaliteten til lukene i veke 24-26. Ein vil ved testing ta omsyn til at regulering skal skje i små steg, slik at vi unngår raske vassføringsendringar i elva.

Vi ber om rask sakshandsaming på dette, då testing er meint å foregå frå starten av neste veke.

Med helsing

**Bent Vidar Kårstad**

*Prosjektingeniør*

**Sunnfjord Energi AS** | Firdavegen 5, 6800 FØRDE | [www.sunnfjordenergi.no](http://www.sunnfjordenergi.no)  
Mobil: +47 95 25 39 36 | E-post/Skype: [bent.vidar.karstad@sunnfjordenergi.no](mailto:bent.vidar.karstad@sunnfjordenergi.no)

